



## Årsmelding for Kyrkjetunet 2010.

**Årsmøte** vart halde på Kyrkjetunet 7. mars 2010 kl. 19.30. Det var 32 medlemmer tilstades. Britt Karstensen holdt andakt. Ho tok utgangspunkt i kva som kan binde oss menneske – menneskefrykt, materialisme, stolthet, egoisme, hat, bitterhet m.m. Ho minna oss om kor viktig det er å halda fast på trua og lovnaden i Guds ord som seier at til frihet har Kristus frigjort oss.

**Val.** Geir Helge Osaland og Ole Agnar Aadland gjekk ut av styret etter 2 år. Ida Tvedt og Yngvild Lunde Carnerø vart valt inn i styret. Årsmøte valde Magne Østvold til leiar i styret. Kjell Stokke vart valt til 1. vara og Åse Heggen til 2. vara. 1. vara møter fast på styremøta.

**Styret** har i 2010 vore samansett slik:

Leiar: Magne Østvold.

Nestleiar: Yngvild Lunde Carnerø.

Kasserar: Ida Tvedt.

Sekretær: Lars Dalen

Styremedlem med ansvar for vedlikehald: Olav Granberg.

Soknerådet har dette året ikkje hatt nokon representant i styret.

I mai ba Ida Tvedt seg fritatt frå styrevervet på grunn av skulegang. På styremøte 11. mai vart ho innvilga permisjon for eitt år. Kjell Stokke vart då fast medlem i styret og Åse Heggen 1. vara. Lars Dalen tok på seg kasseraroppdraget i tillegg til å vera sekretær. Han har fått hjelp av Kjetil Espeland til føring av rekneskapet og senda ut fakturaer.

Styret har hatt 9 styremøte og handsama 50 saker.

Styret har valt å halde fram med dei same undergruppene som føregåande år:

**5'er gruppa:** Liv Herborg Wold, Jon Birger Wold, Lars Dalen, Halldis Nedrelid og Magne Østvold har vore med i denne gruppa. I mai ba Halldis Nedrelid om å få trekje seg. Resten av året har denne gruppa berre hatt 4 medlemmer. Liv Herborg Wold er leiar. Gruppa drøftar saker som gjeld den åndelege verksemda på huset og kjem med framlegg til styret. I tillegg tar denne gruppa ansvaret for og gjennomfører ulike arrangement.

**Økonomi/basarnemnd:** Olav Granberg, Ole Agnar Aadland, Kjell Stokke og Geir helge Osaland har vore med i denne nemnda. Dei har hatt ansvar for og gjennomført vårbasaren og lotteri i samband med Kyrkjetundagane. Dette har til saman gitt eit resultat på over 50.000 kroner. Dei har laga skriv og gått ut med oppfordring til bedrifter i Ølen og Ølensvåg med spørsmål om årssponsing. Dette har gitt eit flott resultat på omlag 90.000 kroner. Vidare har

dei gått ut med skriv om givarteneste og tilskot til reinhald. Givartenesta har auka med vel 20.000 og vasketilskot frå private er no på vel 9000 kroner.

**Marknadsnemnd:** Signe Bukkholm, Kjell Stokke, Aud Wenche Klungland, Helga Risøy og Halvar André Lunde (så lenge han var frisk nok til det) har vore med i nemnda dette året. Marknaden vart, som tidlegare år, gjennomført på Ølen vidaregåande skule på ein flott måte og med eit godt økonomisk resultat. På søndag føremiddag var det F-16 arrangement på Kyrkjetunet og komlemiddag etterpå. Eit populært tiltak der mange møtte opp.

**Vaktmeistergruppe:** Det har vore 4 samlingar med dugnad for reparasjonar/vedlikehald dette året i tillegg til vårdugnaden. Olav Granberg har hatt ansvaret for dette arbeidet. Han har fulgt opp med kontroll og godt ettersyn på ulike område. Harald Heggen har utført eit nødvendig og framifrå godt vaktmeisterarbeid på huset.

**Kjøkkengruppe:** Grappa har blitt leia av Solveig Haugen. Ho har organisert kjøkkenpersonell i samband med servering til minnemøte og kursverksemd. I løpet av hausten har kjøkkengruppa fått 3 nye personar. Grappa gjer ein flott dugnadsinnsats som gir god inntekt til huset. Med ny hetteoppvaskmaskin er arbeide på kjøkkenet blitt lettare.

## **Mål for arbeidet dette året med utgangspunkt i visjonen for Ølen kyrkjelyd.**

- LEVANDE KRISTUSTRU

- INKLUDERANDE FELLESSKAP

### **Saman vil vi byggja fellesskap der Guds storverk blir forkynt, mennesket møter Jesus og blir utfordra til teneste.**

Det var semje i styret for at ”**Levande Kristustru**” skulle vera motto for hausten. Styret meinte og at det var mykje god aktivitet på Kyrkjetunet som burde vidareførast. I tillegg ville ein satse på to ”nye” ting:

1. Ein weekend i haust for å bli betre kjende med kvarandre, byggje team og utfordre kvarandre til å tenkje strategi for arbeidet.
2. Eit særleg fokus på å organisera fleire smågrupper. Då ein trur at det å samlast i små og trygge grupper er viktig for alle.

Weekenden vart avlyst på grunn av svært få påmelde. Ein kunne og ha ønska seg ein større spredning i alder blant deltakarane. Når det gjeld alder får me nok ta litt sjølvkritikk. Opplegget var nok ikkje direkte barnevennleg. Då var det heller ikkje å vente at så mange 30-40-åringar melde seg på. Ein kjem tilbake til ny weekend til hausten. Vil då trekke inn nye grupper i planlegginga.

Når det gjeld arbeidet med å få til fleire smågrupper, er arbeidet starta opp, men me er langt frå å ha nådd målet. Så dette er eit satsingsområde som må intensiverast og førast vidare.

Når det gjeld mottoet ”**Levande Kristustru**” har me fått dette med som tema i haust både for bibeltimar og bibelhelg. Gjennom klar, sterk og utfordrande forkyning har me her forstått at det er vår tru/vårt liv som blir utfordra gjennom dette mottoet.

**Leiaropplæring.** 5'er gruppa tok initiativet til ei vurdering av leiaropplæring i soknet. Saka vart drøfta i arbeidsutvalet for Kristent fellesutval. Her vart ein einige om å gå tilbake til kvart sitt styre for å høyre om det var interesse for å gjennomføre dette og kva dei ville ha med i eit slikt opplegg. Kyrkjetunstyret var positiv til eit leiaropplegg og kunne tenkje seg eit innhald som kunne bidra til å utvikle arbeidet på huset slik at det kunne skape engasjement, bygge fellesskap og utfordra til tru og teneste.

Då saka på ny var oppe i arbeidsutvalet for Kristent fellesutval var det semje om å få til ei felles satsing. Kwart styre som var representert i arbeidsutvalet skulle skaffe ein person til å vera med i ei prosjektgruppe for å førebu opplegget. Men då nokre av styra ikkje klarte å skaffe folk til denne prosjektgruppa, stoppa prosjektet der.

### **Frå verksemda på huset dette året:**

**F-16:** Ei familiesamling med opplegg for både barn og vaksne. Eit flott tilbod som har vore gjennomført omlag ein gong i månaden. Fekk i haust eit nytt konsept som heiter Show it. Barn og vaksne var tidlegare kvar for seg under forkynninga. No er dei samla. Dei får og med seg heim ein CD med tankar og oppgåver knytta til tema som har vore sentralt på samlinga. Målet er at familiane skal få leve ut trua på heimebane. Mellom 40 og 80 personar har deltatt.

**Barnekoret, Kids of Joy:** har hatt øving anna kvar tysdag for born i alderen 5-13 år. 30 stk.

**Klubben:** Klubbkveldar anna kvar tysdag etter korøvingane. Eit tilbod for 4.-7. klasse med ulike aktivitetar, mat og andakt. Har i haust opplevd stor auke frå om lag 40 til 60-70 barn. Mange foreldre har blitt utfordra til å vera med som leiarar. Ein ønskjer å gi barna tryggleik, sjå kvar einskild og formidla den kristne trua på ein forståeleg og aktuell måte.

**Tripp Trapp:** Samlingar for born i alderen 0-9 år i lag med vaksne. Samlingane har vore anna kvar torsdag på føremiddag.

**20+:** Har hatt samlingar i underetg. på laurdagskveldar omlag ein gong i månaden med andakt, lovsong og sosialt samvær med mat. Mellom 10 og 20 personar har deltatt.

**Bønnesamlingar:** Kvar onsdag har det vore mellom 6 og 10 personar til bønnesamling på loftet.

Huset har og blitt nytta fast til **konfirmantundervisning, soknerådsmøte, kvinneforum, mannsforum, torsdagstreff** (stor auke dette året) for eldre ved diakoniutvalet, og **babysong** på føremiddagen ein dag i veka (nytt av året). Det har og vore brukt til kyrkjekaffi.

**Dei kristne organisasjonane** NLM, NMS og Normisjon har hatt møte på huset i løpet av året.

Me vil og nemne **kyrkjetunkveldane** i vårsemesteret ved Johannes Nedrelid, **bibeltimar** i haust ved Siv Heidi Eidsheim/Gunnhild Marie Osaland og **bibelhelga** i november ved Egil Reindal frå NLA. Desse arrangementa har styret/5'er gruppa hatt ansvaret for.

**Utleige:** Me har heller ikkje i 2010 hatt langtidsutleige, men Vindafjord kommune har leigt huset til ein god del kursdagar. Huset har og vore utleigt til mange minnemøte og fleire private arrangement. Dette gir gode inntekter til huset.

**Reinhald:** Avtalen med Granberg Garveri om organisering og sponing av deler av vaskeutgiftene på huset, har vore ei framifrå ordning. Bidrag frå privatpersonar er og med og dekkjer deler av desse utgiftene.

**Ny revisor.** Kjell M. Bua sa opp revisjonsoppdraget for stiftinga Kyrkjetunet grunna mangel på kapasitet. Inter Revisjon AS v/Nils Fjelland vart spurd og var villig til å ta på seg oppdraget. Inter Revisjon v/Nils Fjelland vart samrøystes valt til ny revisor på styremøte 26. januar.

**Internett.** Me har sagt opp internettabonnementet me hadde i SØK. Me har tinga nytt frå Telenor. Det er eit kveld-/helgeabonnement som skulle passe vår trong. Innsparing om lag 10.000 kroner i året.

**Varmekablar i sløysene.** I januar vart det oppdaga taklekkasje ved sløysene, forårsaka av isdanning på taket. Me fekk vekk isen og hindra dermed stor vatnskade på treverk og isolasjon. No har me montert varmekablar i sløysene for å hindre isdanning. Dette ser ut til å fungere bra.

**Ventilasjon.** I haust svikta eit datakort knytta til ventilasjonen. Dette måtte skiftast. Ei utgift på omlag 30.000 kroner.

**Andaktsrommet.** Dei bygningsmessige endringane er utført for å kunne bruke andaktsrommet til bæreandaktar.

**Hetteoppvaskmaskin.** Ny hetteoppvaskmaskin er installert på kjøkkenet. Det kom på 47.000 kroner. Ei stor, men nødvendig investering for å gjere arbeidet på kjøkkenet lettare.

### **Mål for arbeidet i 2011:**

- At "Levande Kristustru" og er motto for 2011.
- Halde fram med dei aktivitetane me har på huset.
- Halde fram med arbeidet for å få etablert fleire smågrupper.
- Gjennomføre ein weekend for å bli betre kjende med kvarandre, byggje team og tenkje strategi for arbeidet vidare.

Frå styret vil vi rette stor takk til alle som på ulike område gjer ein innsats for Kyrkjetunet. Måtte det vera vår bøn at det arbeidet me her står saman om må føre til at fleire "menneske møter Jesus og blir utfordra til teneste".

Ølen, 01.02.11  
Magne Østvold  
-leiar-